

Ullensvang kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Dato	08.09.2025
Vår referanse	2025/47872-3
Dykkar referanse	2021/603
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Innspel til revisjon av konsesjonsvilkår for Tyssovassdraget dykkar ref.: 21/603-7 /ELITVE/25/25304

Vi viser til brev frå Ullensvang kommune vedrørande innspel til revisjon av konsesjonsvilkår for Tyssovassdraget. Revisjon gjeld konsesjon frå 1971 Tyssovassdraget, Øvre Tyssevatn, Øvre og Nedre Håvardsvatn, og konsesjon 1982 Tyssovassdraget, ytterlegare senking av Ringedalsvatn.

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt. Vi gjer merksam på at Tyssedal kraftverk er freda jf. kulturminnelova §15. Ringedalsvatnet er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tyssø II er også listeført i NVE sin reviderte verneplan.

Det er elles i området kjent automatisk freda kulturminne, mellom anna fleire eldre ferdsløvegar, Skjeggedalsvegen frå Mågeli til Hærevarden (Askeladden-id 108362, 304670), Hardingslepa frå Mæland til Litlos (Askeladden-id 108352), og ytterlegare eit sideslep til Hardingslepa frå Sledalen til Svartenutbu (Askeladden-id 112785). Bruken av Hardangervidda for jakt, fangst og anna nytting av utmarksressursar har vore utstrekt heilt frå steinalder og langt inn i nyare tid. Området har såleis potensiale for ytterlegare funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne.

Vestland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til revisjon av konsesjonsvilkår på dette stadiet når det gjeld tilhøvet til kulturminne og kulturmiljø. Vi gjer imidlertid merksam på at eventuelle tiltak/inngrep i terreng som følgje av reviderte vilkår skal leggjast fram for kulturmiljømynde for vurdering etter kulturminnelova §§3, 8 og 9.

Sakshandsamar for kulturminne er Heidi Handeland.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift